



Til høyringspartane

Knarvik, 10.03 2020


Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde Høyring

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd av UNESCO som eit biosfæreområde –eit modellområde for berekraftig utvikling.

Det første strategidokumentet til Nordhordland UNESCO biosfæreområde er no klart til høyring. Dokumentet er utarbeida etter ein inviterande prosess der kommunar (politikarar og administrasjon), næringsliv, forskingsmiljø og lag / organisasjonar har engasjert seg. Meir enn 500 innspel kom det inn under prosessen.

Føremålet med strategidokumentet er å gje biosfæreområdet ein god plan for arbeidet til eit breitt engasjement for berekraftig utvikling. Dokumentet er tufta på FN sine berekraftsmål og UNESCO sine plandokument for MAB-programmet (Menneske og biosfæren). Strategien skal vere til inspirasjon og bruk for kommunane, næringsliv, lag / organisasjonar og innbyggjarane som ønskjer å slutte opp om målsettinga: *Nordhordland UNESCO Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet - til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.*

Det er peika ut 5 satsingsområde som skal bidra til å målet:



Handlingsprogrammet visar ulike tiltak til kvart av satsingsområda med oppmoding om lokale initiativ rundt om i biosfæreområdet. Handlingsprogrammet skal rullerast etter to år.

Alle innspel til strategidokumentet og handlingsprogrammet er velkommen. Vi ber høyringspartane om å vere særleg merksam på:

- Visjon og hovudmålsetting
- Satsingsområda, strategiar og tiltak
- Kva satsingsområde / tiltak bør særskild bli prioritert den komande 2-års perioden?
- Planen som verktøy for samhandling i biosfæreområdet

Nordhordland Utviklingsselskap IKS vil oppmode alle høyringspartar om å nytte høve til å gje uttale til strategidokumentet og handlingsprogrammet. Innspela vi får inn vert handsama til det endelege strategidokumentet som vert handsama i Regionrådet i juni 2020.

Høyringsuttale vert å senda på e-post til post@nordhordland.net
Fristen er sett til 15.05.2020.

Med beste helsing



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Kari Evensen Natland
Prosjektleder
Nordhordland UNESCO Biosfære

